



Helge Arthur Skjerven  
Hylkjesvingen 40  
5109 HYLKJE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8381 - 20/70172

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
04.11.2020

## Svar på tilsvar om søknadspliktige tiltak - gbnr 338/18 Refskar

**Byggjestad:** Gbnr: 338/18 Refskar  
**Tiltakshavar:** Helge Arthur Skjerven

### Saka gjeld

Vi takkar for mottaken utgreiing vedrørande dei ulike tiltaka på eigedommen din, som Meland kommune i sak 19/1866 hadde oppfølging av. Saka har fått nytt saksnummer i Alver kommune og vi ser med bakgrunn i utgreiinga at det er behov for vidare oppfølging av saka.

### Tiltak 1

Du må sende inn søknad om godkjenning i etterkant for bygningen.

Det er rett at ein slik bod i mange tilfeller kan settast opp utan søknad og godkjenning. I dette tilfellet vert imidlertid boden søknadspliktig på grunn av at det er mindre enn 1 meter til nabogrense. Det er bra at du har samtykke frå nabo om bygginga, men når tiltaket er plassert nærare enn 1 meter frå grensa, utløyser dette uansett søknadsplikten. Du kan sende inn søknad utan ansvarsrett for å få bygningen godkjent. Så langt eg kan sjå vil det være uproblematisk å få denne bygningen godkjent i etterkant då den ligg utanfor strandsona og utnyttinga på eigedommen er lav.

### Tiltak 2

Du må sende inn søknad om godkjenning i etterkant for takoverbygget. Du må også søke om dispensasjon då tiltaket er plassert i strandsona.

Som du sjølv skriv i utgreiinga har du innsett at dette tiltaket er søknadspliktig noko vi med dette bekreftar. For dette tiltaket treng du også å søke og få godkjent dispensasjon. Kor vidt dette tiltaket vil bli godkjent i etterkant er eg usikker på då det ligg i strandsona. Du kan likevel sende inn søknad og kommunen vil då avvente behandling av tiltaket som ein ulovleg bygning fram til søknaden er ferdig behandla.

**Tiltak 3**

Dette «tiltaket» vil ikkje følgjast opp vidare av kommunen. Vi ser saka slik at tilbakeføring er tilstrekkeleg utført.

**Kva skjer vidare**

Du må sende inn søknad om godkjenning i etterkant for tiltak 1 og 2. Alternativt kan du rive og tilbakeføre bygningane og sende dokumentasjon til oss på at dette er utført.

Avdeling for miljø og tilsyn vil no sette saka på vent fram til **31.01.21** slik at du får mulighet til å sende inn søke om tiltaket. Dersom kommunen ikkje har mottoke komplett søknad innan dette, vil vi gi varsel om pålegg om retting. Vi oppmodar difor om at du snarast råd går i gang med søknadsprosessen.

Om du treng hjelp til søknad oppfordrar vi til å ta kontakt med eit ansvarleg føretak som kan bistå deg i søknadsprosessen. Du kan også ta kontakt med byggesaksavdelinga i kommunen om du har spørsmål kring søknadsprosessen og lurar på kvar du finn nødvendige blankettar til søknad.

Komplett søknad kan du sende til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Helge Arthur Skjerven

Hylkjesvingen 40

5109 HYLKJE